

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
Dato:	21.11.2017
Tid:	10:00

Det vert med dette kalla inn til møte i Yrkesopplæringsnemnda.

Tid: Tysdag 21. november 2017

Stad: Wigandgården 8. etg. møterom: Forskjønnelsen kl. 10.00

Til dette møtet har følgjande meldt forfall:

Anne Gine Hestetun Tor Andre Ljosland stiller som vara
Sølvi Olrich Sørebo Vara Marie Størdal vert kalla inn.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Roger Pilskog
leiar



Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 63/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 64/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 07.11.2017	2017/623	
PS 65/17	Referatsaker (meldingar)		
PS 66/17	Justering av tilleggspoeng for musikalske ferdigheiter ved inntak til Vg1 Musikk/Dans/Drama	2016/9170	
PS 67/17	Ymse		

PS 63/17 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2017/623-12
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	64/17	21.11.2017

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 07.11.2017

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 07.11.2017 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
Dato: 07.11.2017
Tidspunkt: 09:00-09.30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Pilskog	Leiar	LO
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Rita Jordal	Medlem	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Tom Knudsen	Nestleiar	NHO
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	Lærlingerepr.

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tor André Ljosland	Anne Gine Hestetun	KRF

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	fagopplæringsjef
Anne Sara Svendsen	fagleiar
Signe Sætre	fagleiar
Sunniva Svhultze-Florey	spesialrådgjevar
Hege B.G. Osebakken	spesialrådgjevar
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 54/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 55/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 10.10.2017	2017/623	
PS 56/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 5/17	Læreplasskonferansen 2017	2017/16344	
PS 57/17	Endringar i lokal forskrift om inntak og formidling	2015/10391	
PS 58/17	Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17	2017/1537	
PS 59/17	Vurdering av framtidig behov for produksjonsskular	2016/6854	
PS 60/17	Vurdering av behov for forlenging av prosjektperioden - prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»	2017/1228	
PS 61/17	Mobbeombod og Elev- og lærlingombod - framtidig organisering	2017/16312	
PS 62/17	Ymse		

PS 54/17 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 07.11.2017

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

PS 55/17 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 10.10.2017

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 10.10.2017 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 07.11.2017

Vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 10.10.2017 vart tatt til orientering.

PS 56/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 07.11.2017

Vedtak

Referatsak 5/17 vart tatt til orientering.

RS 5/17 Læreplasskonferansen 2017

PS 57/17 Endringar i lokal forskrift om inntak og formidling

Forslag til innstilling

Fylkestinget fastset desse tillegg og endringar i lokal forskrift om inntak og formidling:

1. Tillegg i § 2 tredje ledd:
Døme på urimeleg lang reiseveg er der søkjar må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert evt busskorrespondanse overskrider meir enn 60 minutt om eleven ikkje får plass på næraste skule.
2. Tillegg i § 6 første ledd:
Skala for tilleggsponng etter ferdigheitsprøve blir fastsett av fylkesutvalet.
3. Tillegg i § 7 første ledd:
Skala for tilleggsponng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrets, blir fastsett av fylkesutvalet.
4. Endring i § 13 andre ledd:
Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde den første standpunktarakteren.
5. Nytt fjerde ledd i § 19 skal lyde:
Inntaket til alternativ sluttopplæring Vg3 i skule vert ikkje delegert til skulane.
6. Ny føresegn skal lyde:

§ 28 Alternativ sluttopplæring Vg3 i skule

Søkjarar som ikkje får læreplass, kan på visse vilkår få tilbod om alternativ sluttopplæring Vg3 i skule. Søkjarar som oppfyller vilkåra, har rett til inntak til eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført. Vilråra er:

- 1) søkjaren har ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1
 - 2) søkjaren har søkt læreplass i Vigo innan fristen 1. mars
 - 3) søkjaren har bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller har karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51
 - 4) søkjaren er heimhøyrande i Hordaland etter lokal forskrift om inntak og formidling § 16
 - 5) fylkeskommunen ikkje kan tilby læreplass innan 1. september
 - 6) søkjaren har svart at han/ho aktivt ønskjer fortsatt oppfølging frå fylkeskommunen, til dømes via meldingskort og oppmøte på obligatorisk informasjonsmøte
7. Resterande føresegn får ny nummerering
 8. Lokal forskrift vert gjennomgått og revidert seinast ved etablering av utvida fylkeskommune/region.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 07.11.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget fastset desse tillegg og endringar i lokal forskrift om inntak og formidling:

1. Tillegg i § 2 tredje ledd:
Døme på urimeleg lang reiseveg er der søkjar må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert evt busskorrespondanse overskrider meir enn 60 minutt om eleven ikkje får plass på næraste skule.
2. Tillegg i § 6 første ledd:
Skala for tilleggsponng etter ferdigheitsprøve blir fastsett av fylkesutvalet.
3. Tillegg i § 7 første ledd:
Skala for tilleggsponng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrets, blir fastsett av fylkesutvalet.
4. Endring i § 13 andre ledd:

Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde den første standpunktarakteren.

5. Nytt fjerde ledd i § 19 skal lyde:
Inntaket til alternativ slutt opplæring Vg3 i skule vert ikkje delegert til skulane.
6. Ny føresegn skal lyde:

§ 28 Alternativ slutt opplæring Vg3 i skule

Søkjjarar som ikkje får læreplass, kan på visse vilkår få tilbod om alternativ slutt opplæring Vg3 i skule. Søkjjarar som oppfyller vilkåra, har rett til inntak til eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført. Vilråra er:

- 7) søkjaren har ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1
 - 8) søkjaren har søkt læreplass i Vigo innan fristen 1. mars
 - 9) søkjaren har bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller har karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51
 - 10) søkjaren er heimehøyrande i Hordaland etter lokal forskrift om inntak og formidling § 16
 - 11) fylkeskommunen ikkje kan tilby læreplass innan 1. september
 - 12) søkjaren har svart at han/ho aktivt ønskjer fortsatt oppfølging frå fylkeskommunen, til dømes via meldingskort og oppmøte på obligatorisk informasjonsmøte
7. Resterande føresegn får ny nummerering
 8. Lokal forskrift vert gjennomgått og revidert seinast ved etablering av utvida fylkeskommune/region.

PS 58/17 Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek *Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17* til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 07.11.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkestinget tek *Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17* til orientering.

PS 59/17 Vurdering av framtidig behov for produksjonsskular

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek saka til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 07.11.2017

Tor André Ljosland sette fram slikt forslag på vegne av KRF

Yrkesopplæringsnemnda tilrår at det utredes behov for produksjonsskule uavhengig av geografisk plassering.

Røysting:

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda tilrår at det utredes behov for produksjonskole uavhengig av geografisk plassering.

PS 60/17 Vurdering av behov for forlenging av prosjektperioden - prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»

Forslag til innstilling

1. Prosjektperioden vert forlenga ut 2019.
2. Prosjektet skal evaluerast på ny undervegs, og det blir rapportert til fylkestinget oktober 2018
3. Eit eventuelt pilotprosjekt med forskning i samarbeid med Handelshøyskolen BI vil kome til politisk behandling i ny sak.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 07.11.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Prosjektperioden vert forlenga ut 2019.

Prosjektet skal evaluerast på ny undervegs, og det blir rapportert til fylkestinget oktober 2018

Eit eventuelt pilotprosjekt med forskning i samarbeid med Handelshøyskolen BI vil kome til politisk behandling i ny sak.

PS 61/17 Mobbeombod og Elev- og lærlingombod - framtidig organisering

Forslag til innstilling

1. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet vert frå 01.01.18 lagt direkte under fylkesdirektør økonomi og organisasjon
2. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet skal ha høve til å rapportere direkte til fylkesrådmannen.
3. Det skal leggjast fram forslag til mandat for elev- og lærlingombodet.
4. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet skal levere årleg rapport på eiga verksemd til fylkestinget

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 07.11.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

1. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet vert frå 01.01.18 lagt direkte under fylkesdirektør økonomi og organisasjon
2. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet skal ha høve til å rapportere direkte til fylkesrådmannen.
3. Det skal leggjast fram forslag til mandat for elev- og lærlingombodet.
4. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet skal levere årleg rapport på eiga verksemd til fylkestinget

PS 62/17 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 07.11.2017

Det var ingen saker under ymse.

PS 65/17 Referatsaker (meldingar)



Arkivnr: 2016/9170-41
Saksbehandlar: Nils Skavhellen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	66/17	21.11.2017
Utval for opplæring og helse		28.11.2017
Fylkesutvalet		07.12.2017

**Justering av tilleggspoeng for musikalsk dugleik ved inntak til Vg1
Musikk/Dans/Drama****Samandrag**

I inntaksforskrifta §6-11 er det gitt høve til å gje tilleggspoeng for inntak til Vg1 Musikk, Dans og Drama (MDD) på bakgrunn av dugleik, i tillegg til ordinære karakterpoeng frå ungdomsskulen.

Fram til no har tilleggspoeng blitt gitt etter ein skala på 5, 10 og 15 karakterpoeng til MDD. Dette vart vedtatt av fylkesutvalet i desember 2010, og har sidan vore uendra.

Særleg ved inntaket i 2017, men også tidlegare, har det vore stilt spørsmål om ovannemnde skala for tilleggspoeng har vore tenleg. Fylkesrådmannen har tatt dette opp med skulane som har MDD-programmet, og særleg med Langhaugen videregående skole som har langt fleire søkjarar enn det er plassar. Konklusjonen har vore tydeleg på at skalaen på tilleggspoeng har vore for høg og ført til at fagleg svært sterke søkjarar ikkje har fått tilbod om plass fordi mange får høge tilleggspoeng.

Fylkesrådmannen tilrår etter dette ei justering av tilleggspoenga slik at skalaen blir endra til 3 – 6 - 9 poeng.

Økonomi: Ingen effekt

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til innstilling

Ved søknad til Vg1 Musikk/Dans/Drama kan det frå skuleåret 2018/2019 gjevast tilleggspoeng etter følgjande skala:

3 poeng: Søkjaren viser god dugleik og utover gjennomsnittet.

6 poeng: Søkjaren viser dugleik som vidarekomen og eit stort potensiale.

9 poeng: Skal berre gjevast til søkjarar som viser framifrå dugleik og eit uvanleg stort potensiale.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.10.2017

Inntaksforskrifta § 6-11 gir høve til å gje tilleggspoeng til søkjarar som ynskjer plass ved Vg1 Musikk/Dans/Drama (MDD) og Idrettsfag.

I denne saka blir det berre tilrådd justering av tilleggspoenga til MDD.

Tal tilleggspoeng har vore justert av fylkesutvalet fleire gonger sidan inntaksforskrifta opna for dette i REFORM'94. Siste justering vart gjort av fylkesutvalet i desember 2010. Den justeringa avløyste vedtak frå 2006.

Årsaka til at ein kan gje tilleggspoeng for musikalsk dugleik, er at søkjarar med særskilt kompetanse innanfor musikk skal få høve til å få plass ved dette utdanningsprogrammet. Talet på tilleggspoeng må likevel ikkje setjast så høgt at fagleg sterke elevar ikkje får høve til å konkurrere seg inn på vanleg måte. Det er det siste ein meiner no har skjedd, og grunnen til dette er at særleg Langhaugen videregående skole har så mange søkjarar med høg kompetanse innanfor musikk, at maksimaltalet 15 tilleggspoeng er gitt til fleire søkjarar enn det som var meint ved justeringa i 2010.

Dei siste åra har nedre poenggrense for inntak til Vg1 MDD på Langhaugen videregående skole lege over 50 poeng. I 2017 vart det kravd ca. 55 poeng for å få plass ved dette utdanningsprogrammet ved skulen (Stord vidaregåande skule/Voss gymnas har færre søkjarar enn det er plassar, så talet på tilleggspoeng har difor ikkje hatt noko å bety for inntaket til desse to skulane). Nesten alle søkjarane som fekk plass på Langhaugen videregående skole til skuleåret 2017/2018, fekk tilleggspoeng, og ni av desse fekk 15 poeng.

Dette førte til at godt kvalifiserte søkjarar med svært høg karakterpoengsum frå ungdomsskulen ikkje fekk plass fordi dei ikkje oppnådde tilleggspoeng. Dette blir feil. MDD er eit studieførebuande utdanningsprogram, og sjølv om det sjølv sagt er ynskjeleg med elevar som har høg kompetanse på instrument eller song, kan det ikkje vere slik at andre fagleg sterke søkjarar blir «utestengde» frå dette utdanningsprogrammet. Inntaksforskrifta § 6-11 seier også at berre inntil 50% av søkjarane kan takast inn etter musikalsk dugleik.

I saka frå 2010 er det sagt at poengskalaen 5 – 10 - 15 skal nyttast slik: 5 poeng for dugleik og talent over gjennomsnittet, 10 poeng for dugleik og talent vesentleg over gjennomsnittet og 15 poeng for særleg dugleik og talent.

Poengskalaen for dugleik innanfor idrett er 3 – 5 - 7. Dette er lettare å vurdere med dokumentasjon av idrettsbakgrunn enn vurdering ved bruk av skjøn av tilleggspoeng til MDD.

Tilleggspoenga for Vg1 Musikk må gjerast etter skjøn, og det er faglærarane ved skulane som gjer vurderinga. Fylkesrådmannen har vurdert om ein bør nytte same skala for MDD som til Idrett, men har kome til at det er meir høveleg med 3 – 6 - 9 når det skal nyttast skjøn framfor dokumenterte resultat.

Det vil vere utfordrande å gje tilleggspoeng for oppnådd resultat til MDD slik det er til idrett. Det må i staden leggjast større vekt på dugleik og potensiale. Fylkesrådmannen har tru på at dei faglærarane som skal gje tilleggspoeng, har den faglege kunnskapen for å få eit godt bilete av dugleiken til søkjaren. Det blir difor tilrådd 3 poeng for god dugleik utover gjennomsnittet, 6 poeng for framifrå dugleik og stort potensiale. 9 poeng skal berre kunne gjevast unntaksvist til søkjarar som viser framifrå dugleik og eit uvanleg stort potensiale.

Med framlegget til den nye skalaen vil det slik føresetnaden er i inntaksforskrifta, også bli tatt inn fleire fagleg sterke søkjarar utan tilleggspoeng. Dette vil vere bra fordi utdanningsprogrammet MDD først og fremst er eit studieførebuande program som skal gje kompetanse for inntak til høgare utdanning, og ikkje eit tilbud til ei relativt lita gruppe som er spesielt interesserte og dyktige innanfor den musikkfaglege delen av utdanningsprogrammet.

PS 67/17 Ymse